



Referat frå kommunemøte 18. april 2024

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, Vestland fylkeskommune, UDI, IMDi, Vest politidistrikt, Haraldsplass og Helse Bergen

Ikkje til stades: Askvoll, Gulen, Kvam, Sunnfjord, Vaksdal, Årdal.

Innleiing v/ Statsforvaltaren

Kort om den tryggleikspolitiske situasjonen

Krigssituasjonen i Ukraina er nokså dyster for tida. Ukraina ser ut til å ha lukkast med ein del luftangrep mot flyplassar og infrastrukturanlegg for luftkrig på russisk og russiskokkupert territorium. Det eine målet som vart råka på onsdag, ligg nesten 70 mil frå den ukrainske grensa.

Trass desse angrepa, tyder alt på at det er Russland som har initiativet i krigføringa. Russiske styrkar utfører rutinemessig store, kombinerte angrep mot mål i Ukraina. Russarane skyt frå kort avstand frå heile det okkuperte Ukraina, og frå område like innanfor grensa på russisk side. Det gir det ukrainske luftforsvaret berre ein brøkdel av tida, samanlikna med den Israel hadde då dei vart utsett for det store missil- og droneangrep frå Iran i helga. Ukraina manglar og evne til å utføre luft-til-luft avskjæring med fly, slik Israel med støtte frå sine allierte kunne gjere natt til 13. april.

ISW konkluderer med at dei russiske luftangrepa viser at sjølv eit avgrensa tal missilangrep, kan gi betydeleg og sannsynlegvis langsiktig skade på energiforsyninga og anna kritisk infrastruktur i Ukraina. Det vert meldt frå mange kjelder om russisk framgang på bakken. ISW referer russiske militærkjelder som seier at det no går raskare å erobre landsbyar og byar enn det gjorde tidlegare i krigen.

På det diplomatiske området ser det ikkje ut til å ha vore endringar av betydning sidan sist orientering. Noko av det mest spennande i dagane framover, er å sjå korleis det går i kongressen i USA med lovforslaget om ein stor hjelpepakke til Ukraina.

I ein artikkel som IAEA publiserte sist laurdag, skrev byrået at alle seks reaktorane på Zaporizhzhya-anlegget (ZNPP) no er i såkalla kald stenging. IAEA seier at det er positivt i seg sjølv, fordi nedkjølinga av reaktorane gir ein ekstra buffer i tilfelle ei ulykke.

IAEA seier at det grunnleggande problemet likevel er ei nyleg kraftig forverring av situasjonen ved anlegget. IAEA karakteriserer situasjonen som ekstremt skjør. Det største kjernekraftverket i Europa står overfor alvorlege farar, med fleire droneangrep retta mot det den siste veka. Sist fredag kunne teamet av IAEA-ekspertar som er stasjonert på staden, sjølv høyre seksten rundar med utgåande artillerield på mindre enn ein halv time.

Trusselbilete v/ Vest politidistrikt

Stabssjefen i Vest politidistrikt, Gustav Landro, orienterte om trusselbilete sett frå politiets ståstad. Han orienterte om viktigheita av god informasjonsflyt og felles situasjonsbilete. Han ser at kommunane nyttar sine kanalar for informasjonsdeling til innbyggjarane på ei god måte, og opplev at når dei går ut med informasjon til kommunane så går henvendelsar til dei ned.



Statsforvaltaren i Vestland

Det er viktig å vere klar over at andre/utanforståande kan lytte til det vi seier på opne informasjonsplattformar. Det vert nytta forskjellige verkemiddel for å samle informasjon, og det er viktig å vere bevisst på dette.

Vi går no inn i ein høgsesong for diverse arrangement (17. mai, Pride m.v.). Den nasjonale trusselvurderinga ligg på moderat. Politiet gjer kontinuerleg trusselvurderingar. Ein vil framover kunne sjå væpna politi på ulike arrangement der det er mykje folk, t.d. på konsertar.

Det vert òg vist til uspesifikke truslar, t.d. bombetruslar. Vi er på veg inn i ei tid med eksamen og tentamen og ein har tidlegare sett at det då kan kome ei auke i bombetruslar. No ser ein at det oftare kjem truslar om skuleskyting. Politiet vurderer kvar trussel som kjem inn grundig. Dei vurderer fortløpende om og eventuelt kva tiltak som vert sett i verk, og kor synlege tiltaka skal vere. Politiet orienterer om sin vurdering, og oppmodar om at dei trusselen er retta mot gjer sine eigne vurderingar basert på sine planverk. Alle slike saker vert meldt av politiet.

Politidistrikts situasjonsforståing er at det er god kontakt mellom kommunane og lokalt politi. Dei oppmodar kommunane om å ta kontakt om ein har innspel eller behov for å diskutere noko.

Orientering frå UDI på asyl- og mottaksfeltet

Reni Kelava frå UDI ga ei orientering om status på asyl- og mottaksfeltet, og sa at det ikkje er veldig mykje nytt å melde per no.

Utviklinga, dagleg ankomst og trend dei siste 30 dagane, viser at det kjem ca. 50 personar per dag. Samanlikna med 2022 og 2023 er dette eit lågt tal, og det er ca. 35 % nedgang i eit sjudagars perspektiv hittil i år. Det har vore ei lita auke i ordinære asylsøkjarar.

Fleire vert i snitt busett enn det som søker om asyl. Det blir gjort mykje godt arbeid ute i kommunane med raske busettingar. Prognosar og scenario er uendra, med unnatak av at lågt scenario er justert opp frå 8000 til 10 000 som minste forventa tal.

Til no i år ligg vi litt under prognosen. Men òg i år er det venta langt høgare ankomstar på hausten, og belegg i mottak er difor forventa å auke gjennom sommaren og hausten.

Orientering frå IMDi

Katrine Vidme frå IMDi orienterte om status for busetting. Slik som UDI, kunne ho fortelje at det ikkje er mykje nytt å melde. Ho ga merksemd til den gode jobben som blir gjort, og har blitt gjort over lang tid, i kommunane.

Sidan førre kommunemøte IMDi deltok i (februar) har det vore ei dobling i busetting. Største delen av dei som kjem er framleis Ukrainerarar. Informasjonsflyten er god. Det er stor positiv vilje ute i kommunane, og det blir vedteke langt fleire plassar enn i eit normalår. Vi legg ved presentasjonen som blei vist i møtet i utsendinga av referatet.

Orienteringssaker frå Statsforvaltaren

Møte i fylkesberedskapsrådet

Vi har hatt møte i fylkesberedskapsrådet denne veka. Vi var i Øystese, og difor hadde vi invitert Kvam herad til å gi ei orientering om deira arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Andre



tema var m.a. fjellskredberedskap, regionalt samarbeid på brann- og redningsområdet, nytt regelverk for handtering av kraftrasjonering og arbeid med totalforsvaret.

Vi hadde ein del tema som vi òg vil ha på sakskartet på fagsamlinga for kommunane 5. og 6. november. Det gjeld m.a. innsats mot ekstremisme og radikalisering og risiko og sårbarheit knytt til industrien.

Referatet frå møtet er offentleg og vil verte publisert på heimesida vår når det er ferdig.

Ferdigstilling av fylkesROS

Vi er glade for at vi endeleg kan seie at risiko- og sårbarheitsanalysen for Vestland fylke er ferdigstilt.

Målsetjinga med FylkesROS er å identifisere risiko og sårbarheit, og å danne ei felles plattform for å førebygge eller redusere konsekvensane av uønskte hendingar som kan skje i fylket.

Analysen gir oss eit godt grunnlag for å utøve rolla som rettleiar og pådrivar for eit målretta og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Den gir ei felles kunnskapsplattform for arbeidet som kommunane og regionale beredskapsaktørar, sivile og militære, gjer på dette området.

Vi valde ei analytisk tilnærming til arbeidet som har gjort arbeidet krevjande. Resultatet er at vi har gode referansar for så seie alt av faktaopplysningar og vurderingar (henta frå NOUar, stortingsmeldingar, forskingsrapportar m.v.).

Analysen er avgrensa opp mot tre sentrale tema; tryggingspolitisk krise og krig, truslar som følge av samansette verkemiddel (hybride angrep) og alvorleg kriminalitet. Vi har likevel eit kapittel om vald relatert til radikalisering og ekstremisme.

Vi har tidlegare laga nokre scenario for spesifikke risikoområde. Vi har m.a. laga eit scenario for brann i vegtunnel og eit om ulykker i cruisetrafikken. I fylkesROS har vi skrive at vi vil starte arbeidet med eit scenario om forsyningsberedskap for matvarer.

Oppfølgingsplan

Det er laga ein oppfølgingsplan basert på funna i FylkesROS som gjeld for same perioden som analysen, 2023-2026. Planen er laga i samarbeid med resten av fylkesberedskapsrådet, og skisserer målsetjingar, tiltak, ansvar og tidspunkt for gjennomføring. Den gir føringar for kva vi skal ha merksemd på i komande år.

De finn rapporten og den tilhøyrande oppfølgingsplanen på nettstaden vår. Vi håpar fylkesROS kan vere eit nyttig bidrag i arbeidet de gjer med samfunnstryggleik og beredskap. Har de spørsmål, innspel, kommentarar eller anna knytt til FylkesROS så er det berre å ta kontakt med oss.

[Lenkje til temasida og FylkesROS for Vestland 2023-2026 finn de her.](#)



Orientering om oppdrag frå Hdir: gap-analyse for primærhelsetenesta

Eit av oppdraga som vi fekk i tildelingsbrevet vårt for i år, er at «*Statsforvalteren skal ... bidra til Helse- og omsorgsdepartementets prosjekt om regional civil-militær helseberedskapsplanlegging i regi av Helseberedskapsrådets Totalforsvarsarbeidsgruppe*».

Eit viktig mål for totalforsvaret er å førebygge, planlegge for og handtere kriser i heile krisespekeret, inkludert krig. Sidan NATO i 2016 vedtok dei sju grunnleggande forventningane til medlemslanda, har det vorte mykje meir merksemd på motstandsevne i kritiske samfunnsfunksjonar. Det gjeld òg helsesektoren. Forventninga om å ha "evne til å handtere masseskade" (punkt 5 i NATO sine sju grunnleggjande forventingar), er eit område der det er heilt nødvendig med god samordning mellom Forsvaret og dei sivile helsetenestene.

Både primær- og spesialisthelsetenestene vil måtte yte helsetenester til sivilbefolkninga og militært personell i heile krisespekeret, og bidra til å gi vertslandstøtte ved mottak av allierte styrkar.

Totalforsvarsarbeidsgruppa til Helseberedskapsrådet skal arbeide for ei heilskapleg strategisk tilnærming for helseberedskap ved kriser og krig, dele nødvendig informasjon og utvikle felles situasjonsforståing. Eit av tiltaka til totalforsvarsarbeidsgruppa er å gå gjennom operative planverk på både civil og militær side, for å identifisere faktorar som hindrar samordning.

Som ein del av dette arbeidet ber Helsedirektoratet Statsforvaltarane om å gjennomføre ein såkalla «Gap-analyse», for å identifisere kva som er skilnaden mellom den faktiske situasjonen i primærhelsetenesta og den ønskte (forventa) tilstanden for at kommunane skal kunne støtte totalforsvaret med nødvendige helsetenester under krig eller når krig truar. Analysen skal ta utgangspunkt i eit scenario som m.a. skildrar krigshandlingar utanfor Vestland. Ei tilsvarende kartlegging har vore gjort i spesialisthelsetenesta.

Vi har ikkje fått det endelige, skriftlege oppdraget, men vi trur at det i kartlegginga er aktuelt å sjå på tema som t.d.:

- Kva kompetanse er det på behandling av typiske lettare krigsskadar?
- Kva kan vere alternative behandlingsfasilitetar for masseskadar når tilstrøyminga går ut over eksisterande kapasitetar?
- Kva høve er det til å kunne få fleksibel utnytting av kapasitetane til fastlegar og anna helsepersonell, slik at dei kan utføre oppgåver basert på endra behov?
- Kva personell er styrkedisponert til forsvaret?
- Korleis kan det vere mogleg å evakuere mange pasientar samtidig frå helseinstitusjonar?

For å starte arbeidet med gap-analysen vil vi kalle inn til eit teamsmøte med kommuneoverlegane, kommunedirektørane og beredskapskontaktane. Det er òg naturleg at vi inviterer med helseføretaka og Heimevernet.

Neste steg vil sannsynlegvis vere at vi sender kartlegginga til kommunane, og set ein frist for eit første svar.



Rettleiar frå DSB – kontinuitet ved bortfall av digitale tenester

DSB har publisert ein temarettleiar for korleis kommunane kan planlegge for å kunne oppretthalde verksemda når digitale tenester ikkje fungerer.

Rettleiaren skal bidra til å auke medvitet om digitale truslar og digital tryggleik i samfunnstryggleiksarbeidet til kommunane. Den legg vekt på å kople IKT-miljøet i kommunen med andre delar av beredskapsmiljøet, i arbeidet med å kartlegge og motverke sårbarheiter.

Føremålet er å gi kommunane eit hjelpemiddel til å planlegge for kontinuitet i tenester når dei digitale systema ikkje fungerer. Rettleiaren viser korleis kommunane kan kartlegge sårbarheiter i digitale system, kva konsekvensar uønskte hendingar kan gi, og korleis moglege risikoreduserande tiltak kan identifiserast. Eit bodskap i rettleiaren er å finne frukter som heng lågt; det vil seie tiltak som ikkje er dyre og omfattande, men som like fullt kan vere vesentlege bidrag til å redusere risiko.

Den tryggleikspolitiske situasjonen i verda gjer at trusselbildet er i endring, og det forsterkar behovet for eit kontinuerleg arbeid med å sikre seg mot uønskte hendingar. Risikoene for cyberangrep, etterretningsaktivitet m.v. er større enn før.

Ein stor del av dei uønskte digitale hendingane er likevel utilsikta. Feil eller utfall i digitale system og tenester skjer på grunn av menneskelege feil, programvarefeil, utstyrfeil, naturhendingar, eller ein kombinasjon av desse. Til dømes er uhell i samband med gravearbeid den mest vanlege årsaka til brot på digital infrastruktur som kablar og linjenett.

Uavhengig av årsaka til at dei digitale systema vert råka, kan konsekvensane verte svært stor når det skjer. Det er vanskeleg å sjå føre seg eit einaste tenesteområde i ein kommune som bortfall av IKT ikkje vil få uheldige følgjer for.

Den nye rettleiaren rettar merksemda meir mot konsekvensen av hendingar, enn årsakene til dei. Som døme på tiltak som kan vere lågthengande frukt, nemner rettleiaren det å ta papirutskrifter av pasientlister, medisinlister, pårørandeinformasjon og liknande, eller laste dei ned til eit «off line» digitalt lagringsmedium.

[Lenke til DSB sin temarettleiar om kontinuitet ved bortfall av digitale tenester finn de her.](#)

Brev frå DSB om Rayvn, digitalt erfatingsseminar og funksjonsøving

Førre veke vidaresendte vi eit brev til RAYVN-kontaktane i kommunane som vi fekk frå DSB om opplæring, kurs og rettleiing i RAYVN. DSB informerer m.a. om kva dei tilbyr på kort og lang sikt.

Det som er særleg verdt å merkje seg er at DSB inviterer til eit digitalt erfatingsseminar onsdag 8. mai og ei fuksjonsøving onsdag 19. Juni. Kommunane er invitert til å delta på begge desse. DSB vil sende ut meir informasjon om dette.

Vi legg brevet ved referatet til orientering.

Ny forskrift om handtering av energiknappheit og kraftrasjonering og tilhøyrande rettleiar

01.01.2024 tredde revidert forskrift om handtering av energiknappheit og kraftrasjonering i kraft, og 3. april blei tilhøyrande rettleiar publisert.



Den nye forskriften skal gjelde før, under og etter kraftrasjonering. Endringane i forskriften omfattar mellom anna ei tydeleggjering av ansvar og roller, prinsipp for fordeling av energi ved kraftrasjonering og prinsipp for val og bruk av verkemidlar. Ein har gått heilt vekk frå sonevis utkopling, og planlegg no for rasjonering ved hjelp av næringskodar som alle sluttbrukarar skal delast inn i.

Med utgangspunkt i næringskodane skal sluttbrukarane grupperast inn i seks kategoriar; *Liv og helse, kritiske samfunnsfunksjonar, viktige samfunnsfunksjonar, matforsyning, hushald, og næring og industri*. Det vil i hovudsak vere sluttbrukarar i kategoriene "hushald" og "næring og industri" som skal ha kodar, dei resterande kategoriene vil i utgangspunktet vere unntake kraftrasjonering. Det er likevel viktig å understreke at det er venta at alle skal spare straum.

Rolla til Statsforvaltaren har blitt tydeleggjort med mellom anna eit konkret ansvar for kartlegging av enkelte næringskodar som omfattar sentrale aktørar i kommunane og hjå regionale aktørar.

Det er starta opp eit arbeid hjå nettselskapa med å sjå på korleis ein reint teknisk kan løyse det med inndeling i næringskodar og oppbygginga av det praktiske systemet. Vi vil gå i dialog med dei to KDSane (kraftforsyningas distriktsjefar) i fylket om korleis vi skal følgje opp dette i praksis, og kjem tilbake med informasjon når det er avklart.

[Lenke til ny forskrift om håndtering av energiknapphet og kraftrasjonering finn de her.](#)

[Lenke til rettleiaren til forskriften finn de her.](#)

*Neste planlagde kommunemøte er **torsdag 30. mai, kl. 13.30-15.00.***